

Måndag kveld klokka 19 blir det eit spanande møte på Gamleskolen. Då vil Bjørn Olav Tveit og Bjarte Døssland snakka om føresetnader for god bygdeutvikling i Uskedalen og også gjera kjend ein sjølv laga bygdeutviklingsformel.



Bjørn Olav Tveit er innleiar måndag.

Det opplyser Kristian Bringedal, som er arrangør og møteleiar for dette nye møte i Dialogforumet til Uskedalen Utvikling.



Bjarte Døssland er innleiar måndag

'Uskedalen 2020 - kva visjonar og framtidstankar har vi for bygda?' er spørsmålet som vert stilt og som han vonar at mange vil møta fram og gje sine svar på.

Først ut av innleiarane er Kjartan Thoresen, som er tilsett i verksemda Samfunnsutvikling i kommunen. Han vil ta for seg den vedtekne kommunedelplan for Uskedalen, arealbruk og grunnlaget for revisjon.

Kjartan er ein ung og frisk samfunnsplanleggjar med klare synspunkt på kva som skal til for at kommunen og bygdene skal vera attraktive i framtida.

Tveit og Døssland (lærer og advokat) vil særleg ha fokus på identitet, samhald, mangfald og inkludering og vil altså leggja fram ein eigen formel.

- Dei har fasiten og vil kunngjera den på måndag, lover Bringedal og legg til:

- Dette gjer at det er skapt store forventningar til møtet og vi oppmodar uskedelinger i alle aldrar om å møta fram.

Her vert det høve til å ta del i drøftingane og sei si meining om bygda 20-30 år fram i tida, seier møteleiaren.

Av Ola Matti Mathisen